


Høring regionalplan kompetanse og arbeidskraft – Frist 22. juni

1. Til Innleiing

- Planen er viktig og tar opp mange relevante tema og utfordringar.
- Viktig å ikkje tru at alle utfordringar som er omtala i planen kan løysast gjennom ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Mykje av det som er uttala er helserelevante utfordringar.
- Det er gode intensjonar og gode mål som er satt for planen. Planen bør også omtale arbeidsskaparar i større grad.
- Krav til kvalitet i utdanninga må ligga fast
- Veldig positivt at det vert sett fokus på karriererettleiing/rådgjeving. Her må ein ta med også ungdomsskulen og overgang ungdomsskule - vidaregåande skule.

2. Til mål

- Utdanne arbeidsskaparar for framtida. Stikkord her er kreativitet og teknologi. Sjå vedlagt slide; Lær Kidsa Koding!
Hordaland fylkeskommune bør i målsetningane sine vera enda meir proaktiv med å skapa læringsmiljø som utdannar framtidas arbeidsskaparar, oppfinnarar og entreprenørar. Her bør ein omtale grunnskule- og ungdomsskulenivå også.
I ei global og digitalisert verd, vert det enda viktigare at verdiar vert skap i norske verksemder.
- Satse på mellom anna Ungt Entreprenørskap for å skape grunnlag for gründerskap.



Foil frå <https://kidsakoder.no/> sin presentasjon på Utdanningsmessa sitt miniseminar på Stord 25.januar 2017, i regi av Stord Næringsråd.

3. Til Samarbeid i eit samfunn i kontinuerleg endring

- Sterkare fokus på Samarbeid skule – arbeidsliv. Finna løysingar saman, justeringar under vegs. Informasjon og erfaringsutveksling.
 - Meir informasjon i ungdomsskule og vidaregåande skule om Fagskulen sin funksjon.
 - Viktig å samarbeida på tvers av Fylkesgrenser for å møta behov for fleksibilitet og mobilitet – tilbodsmessig og økonomisk.
- #### 4. Til nye krav til kompetanse
- Må finna ei løysing for dei som mister jobben, som er i gang med vidareutdanning eller har behov for vidareutdanning, til samstundes å oppretthalde dagpengar. Her må det offentlege vera løysingsorientert, og sjå heilskap for å ta vare på kompetanse og arbeidskraft.
 - Gjer vidareutdanning tilgjengeleg for alle som ønskjer det.

5. Tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft

- Kvalitet i utdanning er viktig. Godt samarbeid mellom utdanningsinstitusjon og lokalt næringsliv er ein nøkkel til god kvalitet spesielt innanfor yrkesfag i industrien. Dimensjonering av vidaregåande skular i distrikta handlar derfor ofte om tilstrekkeleg lokal arbeidskraft.
- Med ein open, eksportretta økonomi - i stor grad retta mot råvareproduksjon, må ein ta høgde for større konjunktursvingningar. Både arbeidsinnvandring og periodar med aukande arbeidsløyse, må

derfor sjåast på som ein del av fleksibiliteten for verksemdene. I periodar med lavkonjunktur må verksemdene og det offentlege saman finna løysingar for å ta i vare og vidareutvikle kompetansen.

- Det er ein stor verdi for Hordaland at halvparten av elevane vel ei yrkesopplæring på vidaregåande skule. Dette må Hordaland fylkeskommune ta godt vare på.
- Korleis skal det offentlege helsevesen rekruttera nok lærlingar/arbeidskraft med lave stillingsbrøkar for fast tilsetjing? Dette kan og bør løysast.
- Så lenge ein ikkje har ein felles bu- og arbeidsregion i Hordaland må ein basera utdanning av lokal arbeidskraft på lokale vidaregåande skular. Dette er også viktig ved etterutdanning, finna skreddersydde løysingar med for eksempel HVL.

6. Utdanningsval og utdanning- og karriererettleiing

- Veldig positivt at karriererettleiing vert vektlagt i Regionalplan for kompetanse og arbeidskraft. Her er eit stort behov, og det vil verta større i framtida, då fleire vil måtta omstilla til nye yrke/arbeidsoppgåver. Spesielt ser me behov for betre rådgjeving i ungdomsskulen, og vidaregåande skule. Her er stor mangel på kunnskap om arbeidslivet.

Karriererettleiing bør ha ei eiga utdanning, spesialisering. Dette vil gje betre status, så ikkje rådgjeving vert ein salderingspost.

Stord Næringsråd 13.juni 2017

Anne-Grete Sandtorv - Dagleg leiar



STORD NÆRINGSRÅD